SIM

# Årsmelding 2016

# 1: OM OSS

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**OM OSS 1.0**
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Administrasjonen ligg i Svartasmåget i Fitjar kommune.

44 996 abonnentar

Eigarkommunar: Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.
Innbyggjarar: 60 716
Hushaldsabonnentar: 25 889
Hytte abonnentar: 7 828
Abonnentar som heimekomposterer: 3 325
Abonnentar med slamavskiljar: 11 279

Kilo avfall per innbyggjar 2016: 448 kg

**OM OSS 1.1**
SIM har ansvar for innsamling av alt hushaldsavfall og slam frå dei 60 716 innbyggjarane og 7 828 hyttekundane i medlemskommunane. I alle kommunane er det innført henteordning for bio-, papir- og restavfall.

I Svartasmåget er det administrasjonsbygg, deponi og komposteringsanlegg. På Heiane, i Stord kommune, har selskapet omlastehall. Det er i tillegg miljøsentralar i alle eigarkommunane. SIM legg vekt på førebyggjande tiltak for å redusera miljøforureining av luft, vatn og nærområde. Selskapet arbeider for å oppfylla miljøkrav og leggja tilrette for at ressursane i avfallet vert nytta.

**OM OSS 1.2**
**§ 4 Føremål**
1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane

2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.

3. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning.

4. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

**§ 5 Selskapet sine oppgåver:**
1. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.

2. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallshandsaminga.

3. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.

4. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallshandsamingsmetodar.

# 1: OM OSS

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**OM OSS 1.3**
**Representantskap, styre og administrasjon**

**Medlemskommunar:**
Austevoll
Bømlo
Fitjar
Stord
Sveio
Tysnes
Kvinnherad

**Representantskap:** 24 medlemmar

**Leiar:** Ordførar i Austevoll (Morten Storebø)

**Styret:** 7 medlemer og 1 representant for tilsette.

**Leiar:** Rune Sandvik (Fitjar) og Reidunn Aasheim, (Stord) (t.o.m 29.4.2016)

**Administrasjon og hovudanlegg:** Svartasmåget, Fitjar.

**Dagleg Leiar:** Terje Gilje

**OM OSS 1.4**
**Organisering**
Representantskapet er det øvste organet i SIM. Eigarkommunane vel medlemer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

**Representantskap**
Folketalet avgjer kor mange medlemer kvar eigarkommune har i representantskapet. Kommunestyra vel medlemer og personlege varamedlemer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 24 medlemene er fordelte slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 7, Sveio 2 og Tysnes 2. Representantskapet hadde eit møte i 2016 (29. april) og handsama 16 saker.

**Styre**
Det er éin styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Representantskapet vel styremedlemene. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det éin representant frå dei tilsette i styret. Styret hadde ni møte i 2016.

**OM OSS 1.5**
**Styret i SIM**

Rune Sandvik
Leiar

Solveig Grønsdal
Nestleiar

Edvard J. Stangeland
Styremedlem

Elisabeth Sandven
Styremedlem

Hein Schaug
Styremedlem

Jorunn Skåden
Styremedlem

Jostein Grov
Styremedlem

Terje Gilje
Dagleg leiar

# 2: DAGLEG LEIAR

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**DAGLEG LEIAR 2.0**
**Samfunnsansvar**
*Me opplever at det vert ei viktigare og viktigare oppgåve for storsamfunnet å ha fokus på rydding av såkalla herrelaust avfall.*

**DAGLEG LEIAR 2.1**
6. desember 2016 var ein merkedag for innbggjarane i Bømlo då ny og moderne miljøsentral vart teken i bruk. Den gamle sentralen var ikkje dimensjonert for folkeauken og auken i avfallsmengder ein har hatt sidan sentralen vart teken i bruk. No har både innbyggjarane og dei tilsette fått eit veldig godt tilbod som me ser dei set pris på. Auken i besøkstalet ved våre mijøsentralar ser ikkje ut til å stoppe sjølv om auken er mindre enn den var året før. 70 000 kundar var innom ein av våre miljøsentralar i 2016. Noko me tolkar som eit teikn på at dette er eit nyttig og populært tilbod.

Me ser òg at avfallsmengdene har gått litt ned samanlikna med 2016, noko som er litt uvanleg. Kva det skuldast er vanskeleg å seia noko om. Nedgongen var på 3,2 %.

**DAGLEG LEIAR 2.2**
Selskapet har merka stor pågang og interesse frå friviljuge som ynskjer å rydda såkalla herrelaust avfall. Det synes me er bra. SIM har sidan 2005 hatt eigne ryddeaksjonar der ein har sett av litt midlar til handsaming av denne typen avfall. I 2014 innførte me ei ordning der friviljuge kunne få ei symbolsk pengestøtte for å rydda strender. I desse dagar ser me kor aktuelt og viktig slikt arbeid er og selskapet har fått støtte frå Miljødirektoratet både i 2015 og 2016 for arbeid mot marin forsøpling. I 2016 la SIM til rette for og støtta både strandryddeaksjonar og ryddeaksjonar i nærmiljøet. Me opplever at dette vert ei viktigare og viktigare oppgåve for storsamfunnet å ha fokus på.

I tillegg til ryddeaksjonar gjennomførte selskapet ein aksjon der båteigarar kunne få levere kasserte båtar til to ulike mottak i Sunnhordland. Bakgrunnen var at ein ynskte å gje ei ekstra hjelp til dei som ikkje hadde høve til å få båten sin frakta landevegen til ein miljøsentral. Aksjonen var vellukka og me opplevde at dette var eit velkome tilbod, og me vurderer difor om me også skal tilby ein slik aksjon i 2017.

**DAGLEG LEIAR 2.3**
Ved deponiet er renseanlegget sett i drift, og ein er spente på kva effekt ein vil få av anlegget. Kompostanlegget har fått auka driftsløvet til 20 000 tonn noko me er godt nøgde med, då me var på grensa av det me hadde lov til å ta i mot. Omlastehallen handsama 25 000 tonn avfall i 2016 og drifta i hallen går godt. 2017 vert eit spennande år då selskapet sin hushaldskontrakt skal ut på anbod, i tillegg vil ein starte med konteinaruteige til private. Frå 2018 vil innbggjarane få nye ordningar og det vil truleg koma endringar i innsamlingsrutinane. Alt i alt vil det bli gjennomført ein god del nytt i 2017 og 2018.

SIM har engasjerte og dyktige tilsette som gjer ein god jobb for innbyggjarane og selskapet. Selskapet og dei tilsette er rusta til å møta nye utfordringar i ein bransje som stadig er i endring. Takk til alle medlemskommunar, kundar, samarbeidspartnarar og tilsette for godt samarbeid i 2016.





Terje Gilje
Dagleg leiar

# 4: STYRET SI ÅRSMELDING

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**STYRET SI ÅRSMELDING 4.0**

*Det krev internasjonalt samarbeid dersom ein skal få gjort noko med plastproblematikken, men SIM sitt bidrag er viktig når det gjeld ordningar og haldningsskapande arbeid mot innbyggjarane lokalt.*





Rune Sandvik
Styreleiar

---

**STYRET SI ÅRSMELDING 4.1**

**Driftsaktivitet**

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) sin hovudaktivitet er innsamling og handsaming av kommunalt avfall og tømming av slamtankar og handsaming av avvatna slam. I tillegg tek selskapet imot avfall frå næringslivet til slutthandsaming ved komposteringsanlegg eller deponi. Selskapet sin administrasjon ligg i Fitjar kommune, aktiviteten går føre seg i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Kundane er godt nøgde med selskapet og renovasjonsordninga, dersom ein samanliknar talet på klager sett opp mot talet på kundar. Selskapet har ingen pågåande forsknings- eller utviklingsaktivitetar. Fitjar har innsamling av plastemballasje og tekstilar som ei prøveordning

**STYRET SI ÅRSMELDING 4.2**

**Økonomi**

I 2016 hadde SIM ei inntekt på 87,3 millionar kroner. Resultatet til selskapet var på 1,9 millionar kroner.

SIM har ansvar for å avslutta deponiet på ein tilfredsstillande måte, og for å driva det forsvarleg i minst 30 år etter avslutting. Selskapet skal årleg vurdera kva som er nødvendige avsetjingar for å dekke framtidige kostnader. Det er ikkje sett av ekstra midlar til fondet i 2016 og i rekneskapen står fondet med 64,9 millionar kroner.

Selskapet hadde eit overskot på kommunalt avfall på 4,3 millionar kroner, som er tilført renovasjonsfondet. Fondet er ved slutten av året på 11,9 millionar kroner. Slamtømeaktivitetane hadde eit underskot på 0,2 millionar kroner. Underskotet vert dekka av slamfondet som ved årsskiftet var på 2,5 millionar kroner. Fonda skal byggjast ned dei næraste åra. Ved berekning av sjølvkost (etterkalkyle) legg selskapet til grunn lova, selskapsavtalen og rettleiaren for berekning av sjølvkost. Selskapet belastar ikkje gebyra kalkulatoriske renter.

Styret meiner SIM er godt budd på framtidige miljøkrav, då eigenkapitalen i selskapet er god. Årsrekneskapen gjev eit rett bilete av selskapet sine eigneluter og gjeld, finansiell stilling og resultat. Føresetnadene for framleis drift er til stades, og styret stadfestar desse.

# 4: STYRET SI ÅRSMELDING

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**STYRET SI ÅRSMELDING 4.3**
**Finansiell risiko**
SIM sin strategi er å investera med låg til moderat risiko. Overskotslikviditeten er plassert i bank, styret meiner plasseringa inneber låg risiko for selskapet.

**Arbeidsmiljø og personale**
Ved utgangen av 2016 var det 21,5 årsverk i SIM. Fire av dei tilsette var kvinner. Sjukefråværet var på 1,8%. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær, og styret er ikkje kjent med at noko av fråværet skuldast arbeidstilhøve.

Selskapet har som mål at det skal vera likestilling mellom menn og kvinner på arbeidsplassen. Renovasjonsbransjen har tradisjonelt vore mannsdominert.

Bygningar, anlegg og uteområde som selskapet eig er forsøkt utforma i tråd med krava om universell utforming i plan- og bygningslova. Selskapet sin nettstad og informasjonsblad er forsøkt utforma med tanke på blinde og svaksynte lesarar. Selskapet arbeider i personalsamanheng aktivt for å motverka diskriminering, særhandsaming, trakassering og forskjellshandsaming i strid med lov om likestilling mellom kjønna. Selskapet har ikkje sett i verk spesielle tiltak .

**STYRET SI ÅRSMELDING 4.4**
**Ytre miljø**
Sigevatn frå moderne avfallsdeponi oppstår hovedsakleg som fylgje av at nedbør vaskar ut dei deponerte massane. Dette skjer òg i Svartasmåget.

Dei siste par åra er det blitt gjort eit omfattande arbeid med å etablere grøfter rundt deponiet for å avskjere overflatevatn som elles ville renne inn  i deponimassane. Det vert teke prøvar av sigevatnet som vert analysert 4. ganger årlig. Nivåa på dei fleste analyserte komponentane er svært like som dei ein hadde i 2015. Nivå av næringssalt og KOF er moderat samanlikna med tilsvarande deponi. Det er relativt låge nivå av tungmetall og organiske miljøgifter i sigevatnet.

Det er no etablert og sett i drift reinseanlegg for å redusera utsleppa ytterlegare. Og det er etablert anlegg for handsaming av metangass frå deponiet.

**STYRET SI ÅRSMELDING 4.5**
**Framtida**
SIM vil leggja til rette for auka sortering også i framtida. Ein arbeidar med å sikre områder for framtidige miljøsentralar i Austevoll og Tysnes. Det er venta vekst i besøkstalet på miljøsentralane og i avfallsmengdene. Selskapet har laga ny Ressurs- og miljøstrategi som har vore til uttale i alle eigarkommunane, og seier noko om mål og føringar for selskapet i framtida. Planen skal endeleg godkjennast i Representantskapet 2017. Styret kjenner seg trygg på at SIM også i framtida kan gje kundane ei god og kostnadseffektiv renovasjonsordning.

**STYRET SI ÅRSMELDING 4.6**
**Signert Fitjar, 10. mars 2017**

Rune Sandvik
Styreleiar

Solveig Grønsdal
Nestleiar

Edvard J. Stangeland
Styremedlem

Elisabeth Sandven
Styremedlem

Hein Schaug
Styremedlem

Jorunn Skåden
Styremedlem

Jostein Grov
Varamedlem

Terje Gilje
Dagleg leiar

# 5: DITT AVFALL

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

### DITT AVFALL 5.1
**Avfallsmengder**

Mengda av innsamla hushaldsavfall på renovasjonsrutene hadde ein nedgong frå 2015 til 2016, medan mengda innsamla hytteavfall var nokonlunde den same. Innsamla næringsavfall på renovasjonsrutene hadde ein stor auke i 2016, medan besøka på miljøsentralane hadde ein liten auke i fjoråret.

Samanlikna med talet på kundar vart det i 2016 registrert svært få klager.

Totale avfallsmengder i 2016: 49 890 tonn

### DITT AVFALL 5.2
**Samla avfallsmengder som SIM tek hand om**



| | | |
|---|---|---|
| Hushaldsavfall SIM til deponi: | 2 % | 930 |
| Hushaldsavfall SIM sendt til attvinning: | 53 % | 26 261 |
| Næringsavfall SIM til deponi: | 21 % | 10 288 |
| Næringsavfall SIM til attvinning: | 17 % | 8 969 |
| Slam: | 7 % | 3 442 |
| Til saman: | | 49 890 tonn |

### DITT AVFALL 5.3
**Hushaldsavfall**

Hentefraksjonane (rest, bio og papir) hadde ein nedgong på 1 % frå 2015 til 2016. Totalt hadde innsamla mengder av hushaldsavfall, både henteordning og bringeordning, ein nedgong.

Kvar innbyggjar leverte 448 kg avfall i 2016. Totalt tok SIM hand om 27 191 tonn frå hushaldningane. Størstedelen av desse var utsorterte mengder som kunne gå til attvinning.

### DITT AVFALL 5.3
**Mengder hushaldsavfall**



Samla mengde hushaldsavfall i 2016: 27 191 tonn

### DITT AVFALL 5.5
**Avfall henta heime hos folk (medrekna hytteavfall)**



| | |
|---|---|
| Bio | 3 417 |
| Rest | 9 282 |
| Papir | 2 102 |
| Til saman: | 14 801 tonn |

### DITT AVFALL 5.6
**Attvinning (Hushald)**

Mengda innsamla hushaldsavfall i SIM-kommunane gjekk ned med 3, 24 % frå 2015 til 2016. Innsamla mengder i 2016 var 15 349 tonn. Totalt mottok SIM 27 191 tonn hushaldsavfall frå innbyggjarane i Sunnhordland. 97 % av det som vart samla inn vart sendt til attvinning. Attvinningsprosenten har auka mykje sidan 2003, som var det året SIM starta med å senda avfall til attvinning. Då var attvinningsprosenten på 48 %.

# 5: DITT AVFALL

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**DITT AVFALL 5.7**
**Hushaldsavfall til attvinning**




| | |
|---|---|
| Avfallsbrensel: | 12 122 |
| Våtorganisk: | 3 417 |
| Heimekompostering: | 748 |
| Papir/papp: | 2 494 |
| Glas: | 529 |
| Stål: | 1 435 |
| EE- avfall: | 640 |
| Hageavfall: | 853 |
| Gips: | 163 |
| Trevirke: | 3 673 |
| Plastemballasje: | 132 |
| Tekstil | 78 |
| | |
| Totalt: | 26 284 tonn |

**DITT AVFALL 5.8**
**Hytterenovasjon**
Det vert stadig bygd nye hytter i SIM-kommunane, og ordninga for hytterenovasjon er under kontinuerleg utvikling. Nye konteinarstader kjem til og kapasiteten på eksisterande lokalitetar vert auka. I 2016 var det tøming av hyttekonteinera to gonger per. veke i heile juli og halve august, mot normalt éin gong i veka i sommarhalvåret.

SIM si ordning for hytteabonnentar er hyttekonteinera og/eller hyttedunk. Hyttekundar kan sortere avfall ved og bestille vanleg tre-dunk system som hushaldsabonnentane har.

**Deponi**
I 2016 vart det levert 11 218 tonn avfall til deponiet i Svartasmåget, ein auke på 43,91 % frå året før. Årsaka til auken er at ein har teke i mot større mengder frå næringslivet. Den som leverer avfall til deponi skal kontrollera og gå god for at avfallet kan leverast til deponiet. SIM kontrollerer avfallet visuelt før og etter lossing, og sjekkar kvart 100. lass nøgnare. Ved behov vert det teke prøvar av avfallet.

**DITT AVFALL 5.9**



**Mengder til deponi**

| | |
|---|---|
| Mengder levert til deponi, totalt i 2016: | 11 218 tonn |

**DITT AVFALL 5.10**
**Slamtømming**
I 2016 var det tøming av slamavskiljarar for heilårsbustader i Austevoll og tømming for heilårsbustader og fritidshus i Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes. SIM har tilbod om tøming av minireinseanlegg og tette tankar som ikkje har nok med ordinær tøming. Selskapet nyttar eit system for sanntidskommunikasjon mellom kontoret i Svartasmåget og slambilane. Totalt vart det tømd 3 844 tankar.

**Hushaldsavfall**
To firma hentar inn avfall for SIM. Renovasjon Øst AS hentar bos i Austevoll, Kvinnherad og Tysnes, medan Ragn- Sells AS/Retur AS hentar i Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio.

# 6: VÅRT SAMFUNN

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**VÅRT SAMFUNN 6.1**
**Eit reinare Sunnhordland**

SIM er oppteken av at Sunnhordlandsnaturen er rein og frisk. Selskapet har difor alltid hatt fokus på å støtta tiltak som engasjerer og motiverer innbyggjarane til å rydda avfall der ein ikkje klårt kan peika på kven som har ansvar. Ryddedugnadane er veldig populære og mange innbyggjarar tek oppmodinga om å engasjera seg for ein reinare og ryddigare heimkommune.

**Rydd Sunnhordland**

40 lokale velforeiningar og lag søkte om å rydda i 2016. Rydd Sunnhordland er ein ryddedugnad der vellag, burettslag og andre kan søkja om å få rydda nærområdet sitt. Ein kan melda seg på ryddeaksjonen heile året. Avfallet som vert samla inn må fraktast til ein av SIM sine miljøsentralar. Der kan det leverast kostnadsfritt.

**VÅRT SAMFUNN 6.2**
**Rydd ei strand**

SIM ynskjer å få i gong rydding av strender som ingen offentlege instansar har ryddeansvar for. SIM støtta i 2016 35 slike søknadar, som resulterte i rydding i fleire store strandområder i Sunnhordland. I fjor fekk selskapet 600 000 kroner i ekstraløyving frå Miljødirektoratet til strandrydding. Desse midlane var øyremerka utilgjengelege strender og søkte fritidsbåtar. Dette resulterte i opprydding i store områder ein ikkje når med dei ordinære ryddeaksjonane.

**Mottak av båtar**

SIM ynskte å gjera ein innsats knytt til problematikken rundt båtvrak. Det vart difor sett i gong ein aksjon på hausten, der private kunne levere båten sin til to mottak, eit i Stord og eit i Kvinnherad. Aksjonen resulterte i mottak og handsaming av 34 båtvrak.

**Meld frå om forureining**

SIM sitt bidrag i denne aksjonen er ikkje å rydde opp, men å hjelpe grunneigar, kommunen eller den som har forsøpla, til å finne løysingar slik at det vert rydda opp. Ei målsetjing er å få ut informasjon om kven som har ansvar for å rydda opp i forureining. Sidan oppstart har SIM bidratt til opprydding i 200 saker.

**VÅRT SAMFUNN 6.3**
**Informasjon**

SIM sitt informasjonsarbeid har to hovudfokus. Det eine er å informera innbyggjarane om ordningane, tenestene, løysingar og miljørett avfallshandtering. Det andre er å motivera og vera pådrivar for å skapa rette haldningar knytt til miljøarbeid og berekraftig utvikling.

SIM sine publikasjonar, sorteringsguidar, sentralbord, tømmekalender, SIM APP, SIM sine nettsider, facebook og pressemeldingar var dei viktigaste informasjonskanalane for selskapet i 2016.

I vår digitale tidsalder ser ein at det stadig dukkar opp nye måtar og nå innbyggjarane på. SIM er medviten si rolle både med tanke på å vera tilstades i dei medium abonnentane brukar, samstundes som ein må vurdere kva kanalar det er hensiktsmessig å nytta. I 2016 vart det difor avgjort at ein ikkje lenger vil sende tømmekalender i posten til alle husstandar. Ein ynskjer heller å målrette informasjonen, slik at dei som ynskjer det kan få trykka versjon, og dei som nyttar andre kanalar kan gjere det.

**Skuleprosjektet**

I 2016 var bortimot 900 skuleelevar og lærarar hjå SIM for å læra om kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling. SIM betalar reisa for skuleklassane.

**Andre tilskotsordningar**

6 søknader om tilskot til kjøp av tøybleier vart godkjende. Det vart gjeve litt tilskot til loppemarknadar og gjenbruksbutikkar.

# 7: MILJØSENTRALAR

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**MILJØSENTRALAR 7.1**
**Kundar og avfall i 2016**

I 2016 var det om lag 69 600 vitjingar ved dei sju miljøsentralane våre. Kundane leverte 13 800 tonn avfall og totalt kom 40 % av hushaldsavfallet inn via miljøsentralane. Selskapet fokuserer på farleg avfall og stadig fleire avfallstypar vert definert som farleg avfall. Skjerpa krav til drift av anlegg som skal ta i mot farleg avfall fører til auka kostnader.

Selskapet har godt tilrettelagt tilbod for mottak av farleg avfall og EE-avfall gjennom våre miljøsentralar. Om lag 4 % av avfallet selskapet tek i mot frå hushald er farleg avfall. Dette avfallet kjem inn via miljøsentralane. Selskapet har i tillegg ryddetiltak som i mange tilfelle fører til opprydding av slikt avfall i naturen. I 2016 tok SIM i mot 990 tonn farleg avfall.

Privatkundar som leverer avfall til miljøsentralen betalar om lag ein tredjedel av det det kostar å driva tilbodet, resten er dekka gjennom renovasjonsgebyret. Næringsdrivande skal betale fulle kostnader.

Kundar i 2016: 69 594

**MILJØSENTRALAR 7.2**
**Vitjingar i 2016**

SIM sine miljøsentralar hadde ein auke i kundetalet på 4,66%. Mengda avfall levert til miljøsentralen hadde ein nedgong på 4,8 % frå 2015. SIM har miljøsentral i alle eigarkommunane (7 stk). Ved SIM sine miljøsentralar kan innbyggjarane levera avfall dei ikkje har plass til, eller ikkje har lov til å kasta i behaldarane ein har fått utdelt av SIM.

4,6 % fleire vitjingar i 2016.

**MILJØSENTRALAR 7.3**
**Kundar ved SIM sine miljøsentralar**



Kundar ved SIM sine miljøsentralar i 2016: . . . . . . . . . . . . 69 594 pers.

**MILJØSENTRALAR 7.4**
**Mengder hushaldsavfall**



| | |
|---|---|
| Mengder levert til SIM sine miljøsentralar i 2016: | 13 800 tonn |
| Mengder henta på renovasjonsruta 2016: | 15 349 tonn |
| Totale mengder hushaldsavfall i 2016: | 27 191 tonn |

**MILJØSENTRALAR 7.5**
**Farleg avfall**



Kvar innbyggjar leverte om lag 18 kg farleg avfall i 2016

# 8: Kompostanlegg

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**KOMPOSTANLEGG 8.0**

Komposteringsanlegget tok imot 3 417 tonn våtorganisk avfall frå SIM-kommunane og 3 141 tonn frå næringskundar. I tillegg tok ein i mot 3 442 tonn slam. Komposten som blir produsert i Svartasmåget kan kjøpast ved alle SIM sine miljøsentralar og er eit populært jordforbetringsprodukt. Prisen i 2016 var kr 400 kr per tonn inkl. mva. Salet gav ei inntekt på 1.13 millionar kroner eks. mva.

**KOMPOSTANLEGG 8.1**
**Mengder til kompostering**



Totalt i 2016 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 10 001 tonn

**KOMPOSTANLEGG 8.2**
**Selde mengder kompost**



Totalt i 2016 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 4 008 tonn

# 9: Gjenvinning

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**GJENVINNING 9.1**
**Avfallspyramiden**




**GJENVINNING 9.2**
Avfall vert gjenvunne på tre måtar: Ombruk, materialgjenvinning og energiutnytting. Avfallshierarkiet viser kva som gjev best effekt med tanke på miljøet.

**Ombruk**
Me kallar det ombruk når folk tek i bruk gjenstandar andre har kvitta seg med. Døme er syklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer og klede.

**Materialgjenvinning**
Når avfall vert brukt som råstoff i nye produkt, vert det kalla materialgjenvinning. Døme er papir som blir til nytt papir til bruk i aviser/magasin.

**GJENVINNING 9.3**
**Energiutnytting**
Når avfall vert brukt som energikjelde, kallar ein det energiutnytting. Døme er når restavfall vert brent og nytta til oppvarming. I 2016 vart 97 % av hushaldsavfallet som SIM mottok frå medlemskommunane attvunne. I tillegg kom avfall som vart samla inn gjennom dei landsomfattande returordningane. SIM har ikkje tilgjengeleg statistikk for desse ordningane, som m.a. femner om pant på boksar og flasker, bilar og EE-avfall som blir levert direkte til forhandlar av slike produkt.

**Heimekompostering**
13 prosent av abonnentane komposterer bioavfallet sitt heime, om lag som i 2015. Totalt er det 2 917 registrerte bingar. I tillegg kjem 408 kundar som deler binge med andre. Abonnentar som komposterer heime, slepp å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetringsmiddel, og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken. Om kvar innbyggjar produserer 90 kilo bioavfall i året, vart det i 2016 heimekompostert 748 tonn avfall.

# 10: Renovasjonsgebyr

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**RENOVASJONSGEBYR 10.0**
**Renovasjonsgebyr**

Renovasjonsgebyret som kundane betalar er ein kombinasjon av dunkgebyr (ca. 64 %) og abonnementsgebyr (ca. 36 %). Abonnementsgebyret ut frå SIM er likt. Likevel betalar kundane ulikt for renovasjonstenestene. Årsaka til dette er at kommunane legg på gebyret for å dekka sine utgifter med renovasjonsordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune. Også for hyttekundar er renovasjonsgebyret i utgangspunktet likt. Årsaka til at betalingssatsane likevel varierer, er den same som over. Alt i alt er det SIM, og ikkje kommunane, som tek den økonomiske risikoen med endringar i avfallsmengda.

**Renovasjonsgebyr 10.1**
**Kommunalt abonnementsgebyr for hus i 2016**



1: Gebyr til SIM
2: Kommunal eigenkostnad
3: Totalt abonnementsgebyr

| | 1 | 2 | 3 |
|---|---|---|---|
| Austevoll | 719 | + 31,25 | 750 |
| Bømlo | 755 | - 17,50 | 738 |
| Fitjar | 755 | + 7,50 | 763 |
| Kvinnherad | 755 | - 5,00 | 750 |
| Stord | 719 | + 125 | 844 |
| Sveio | 719 | + 221,25 | 940 |
| Tysnes | 719 | + 461,25 | 1180 |

**RENOVASJONSGEBYR 10.2**
**Gjennomsnittleg renovasjonsabonnement i 2016**



| | |
|---|---|
| Austevoll | 2 236 |
| Bømlo | 2 185 |
| Fitjar | 1 968 |
| Kvinnherad | 2 149 |
| Stord | 2 450 |
| Sveio | 2 536 |
| Tysnes | 2 385 |

**RENOVASJONSGEBYR 10.3**
**Renovasjonsgebyr fritidsbustad**



1: Gebyr til SIM (kr.)
2: Kommunal eigenkostnad (kr.)
3: Totalt abonnementsgebyr (kr.)

| | 1 | 2 | 3 |
|---|---|---|---|
| Austevoll | 1119 | + 168,75 | 1288 |
| Bømlo | 1191 | - 28,75 | 1163 |
| Fitjar | 1191 | - 28,75 | 1163 |
| Kvinnherad | 1191 | - 28,75 | 1163 |
| Stord | 1119 | | 1119 |
| Sveio | 1119 | +111,25 | 1230 |
| Tysnes | 1119 | +333,75 | 1453 |

# 10: Renovasjonsgebyr

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

### RENOVASJONSGEBYR 10.4
### Slamtømmegebyr for heilårshus i 2016




1: Gebyr til SIM
2: Kommunal eigenkostnad
3: Totalt abonnementsgebyr

| | 1 | 2 | 3 |
|---|---|---|---|
| Austevoll | 673 | + 175 | 848 |
| Bømlo | 691 | - 66 | 625 |
| Fitjar | 691 | - 3 | 688 |
| Kvinnherad | 691 | - 85 | 606 |
| Stord | 673 | + 251 | 925 |
| Sveio | 673 | + 397 | 1070 |
| Tysnes | 673 | + 275 | 948 |

### RENOVASJONSGEBYR 10.5
### Dette går gebyret til:




| | |
|---|---|
| Innsamling | 735 |
| Eigenkostnad SIM | 330 |
| Miljøsentralar | 543 |
| Slutthandsaming brensel | 227 |
| Eigenkostnad kommunar | 57 |
| Meirverdiavgift | 472 |

Rekna ut frå eit snittgebyr på 2 364 kroner i 2016

# 11: Etterkalkulasjon sjølvkostområder

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

## ETTERKALKULASJON SJØLVKOSTOMRÅDER 11.0

**Kommunane og sjølvkost**

Avfallsgebyret skal fastsetjast slik at det svarar til dei totale kostnadane kommunen vert påført ved lovpålagt handsaming av hushaldsavfall. Det skal sikrast full kostnadsdekning. Kommunen skal ikkje ha forteneste på slik avfallshandtering, berre kostnader ved, og inntekter frå lovpålagt handtering av hushaldsavfallet skal inngå i berekning av avfallsgebyret.

For sjølvkostområda renovasjon og slamtøming utfører kommunane etterkalkyle, på lik linje med andre sjølvskostområde i kommunen. Kommunane har kostnadar med desse tenestene i tillegg til dei som SIM belastar sjølvkostområda.

På oppdrag frå kommunane Bømlo, Fitjar og Kvinnherad utarbeider SIM budsjett (forkalkyle) og revisorgodkjent rekneskap (etterkalkyle).

## ETTERKALKULASJON SJØLVKOSTOMRÅDER 11.1

**SIM og sjølvkost**

Hovudaktivitetane til SIM er sjølvkostområda hushaldsrenovasjon og slamtøming av private slamtankar. Selskapet føl opp dei forskjellige kostnadsområda gjennom avdelingsrekneskap.

For 2016 viser rekneskapen slikt resultat:

| | Hushaldsrenovasjon (kr.) | Slamtømming (kr.) |
|---|---|---|
| Inntekter | kr 60 055 821 | kr 6 360 758 |
| Kostnader | kr -55 792 621 | kr -6 582 236 |
| Årsresultat | kr 4 263 200 | kr -221 478 |
| Inngåande fond 01.01.2016 | kr 7 552 099 | kr 2 759 575 |
| Bunde fond i SIM 31.12.2016 | kr 11 887 799 | kr 2 564 589 |

Bundne fond i SIM fordelt på abonnentane*

*(fordelt etter abonnentar per.kommune/hytteabonnentar er rekna som ½ abonnent)

## ETTERKALKULASJON SJØLVKOSTOMRÅDER 11.2

**Hushaldsrenovasjon og slamtømming**

| | Hushaldsrenovasjon | | Slamtøming | |
|---|---|---|---|---|
| | % | kr. | % | kr. |
| Austevoll | 9,26 % | 1 100 508 | 16,72 % | 428 846 |
| Bømlo | 19,01 % | 2 259 851 | 23,80 % | 610 359 |
| Fitjar | 5,23 % | 621 254 | 6,41 % | 164 417 |
| Kvinnherad | 22,10 % | 2 627 418 | 21,91 % | 561 896 |
| Stord | 27,19 % | 3 231 919 | 4,72 % | 121 095 |
| Sveio | 10,53 % | 1 251 284 | 14,90 % | 382 053 |
| Tysnes | 6,69 % | 795 565 | 11,54 % | 295 924 |
| | 100 % | 11 887 799 | 100 % | 2 564 589 |

## ETTERKALKULASJON SJØLVKOSTOMRÅDER 11.3

**SIM sin praksis for 2016**

Styret meiner at ein føl rettleiaren for sjølvkost så langt det er mogeleg utan å bryta lover, 'forskrifter og selskapsavtalen, som er bindande for selskapet.

SIM sin selskapsavtale seier at selskapet ikkje skal ha erverv til føremål, og ikkje kan betala utbytte. Forureiningslova seier at «gebyret må ikkje overstige kommunens kostnader», og i selskapsavtalen står det «dei årlege utgiftene til selskapet skal dekkast av avgifter for dei ulike renovasjonstenestene».

Selskapet har ikkje belasta gebyra med kalkulatoriske renter på investeringar dekka av selskapet sin opptente eigenkapital, av di selskapet sin opptente eigenkapital ikkje gjev kommunen rentekostnader eller tapte renteinntekter. Ut frå dette meiner styret at ein ikkje kan belasta gebyra rentekostnader ein ikkje har.

Ny forskrift krev ikkje at ein belastar gebyra kalkulatoriske renter. Representantskapet ynskjer ikkje endring i måten selskapet fører sjølvskostrekneskapen på så lenge forskrifta ikkje krev det.

# ÅRSREKNESKAP 2016

## Resultatrekneskap

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

| | Note | R 2016 | B 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | 11 | 81 132 098 | 76 756 090 | 81 192 251 |
| Anna Driftsinntekt | 11 | 6 196 979 | | |
| **Sum driftsinntekter** | | 87 329 077 | 76 756 090 | 81 192 251 |
| **Driftskostnader** | | | | |
| Bruk av tenester (transport) | | 28 727 585 | 30 201 680 | 29 835 430 |
| Handsamingskostnadar | | 12 844 345 | 13 573 287 | 13 247 416 |
| Løn og sosiale kostnader | 6 | 17 682 206 | 16 093 391 | 16 555 699 |
| Andre driftskostnader | 6,7,9 | 21 446 374 | 15 160 000 | 15 093 415 |
| Ordinære avskrivingar | 2 | 5 863 985 | 6 128 750 | 5 652 936 |
| Tap på krav | 4 | 20 734 | 100 000 | 27 902 |
| **Sum driftskostnader** | | 86 585 230 | 81 257 108 | 80 412 798 |
| **Driftsresultat** | | 743 847 | -4 501 018 | 779 454 |
| Renteinntekter | | 1 255 795 | 2 000 000 | 2 039 207 |
| **Anna finansinntekt** | | 5 051 | 0 | 59 641 |
| Annan finanskostnad | 7 | 104 804 | 20 000 | 547 087 |
| Netto finanspostar | | 1 156 043 | 1 980 000 | 1 551 760 |
| **Resultat før ekstraordinære postar** | | 1 899 890 | -2 521 017 | 2 331 214 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 1 899 890 | -2 521 017 | 2 331 214 |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 12 | | | 0 |
| **Årsresultat** | | 1 899 890 | -2 521 017 | 2 331 214 |
| **Disponering av årsresultat** | | | | |
| Til annan eigenkapital | 5 | 1 417 682 | | 1 864 233 |
| Til miljøfond | 5,13 | 482 208 | | 466 981 |
| Fra annen eigenkapital | 5 | - | -2 521 017 | |
| **Disponert årsresultat** | | 1 899 890 | -2 521 017 | 2 331 214 |

# Balanse

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

| | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| **Eigneluter** | | | |
| **Anleggsmidlar** | | | |
| **Varige driftsmidlar** | | | |
| Tomter, Bygningar | 2 | 142 716 892 | 120 603 158 |
| Maskinar og anlegg | 2 | 16 353 854 | 15 744 741 |
| Inventar og kontorutstyr | 2 | 763 880 | 1 268 514 |
| **Sum varige driftsmidlar** | | **159 834 625** | **137 616 413** |
| | | | |
| **Finansielle anleggsmidlar** | | | |
| Andre aksjar | 3 | 617 805 | 617 805 |
| Egenkapitaltilskot KLP | 3 | 291 700 | 247 226 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **909 505** | **865 031** |
| **Sum anleggsmidlar** | | **160 744 130** | **138 481 444** |
| | | | |
| **Omlaupsmidlar** | | | |
| **Krav** | | | |
| Kundekrav | 4 | 4 147 124 | 3 588 238 |
| Andre kortsiktige krav | | 472 971 | 3 591 570 |
| **Sum krav** | | **4 620 095** | **7 179 808** |
| Varelager | 10 | 954 736 | 645 371 |
| Kontantar, bank | 5,7,8,14 | 106 038 852 | 122 250 053 |
| **Sum Bank** | | **106 038 852** | **122 250 053** |
| **Sum omlaupsmidlar** | | **111 613 683** | **130 075 232** |
| | | | |
| **Sum eigneluter** | | **272 357 813** | **268 556 676** |

# Balanse *(held fram)*

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

| | Note | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital og gjeld** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 5 | 173 030 | 173 030 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 173 030 | 173 030 |
| Opptent eigenkapital | | | |
| Eigenkapital med sjølpålagte restriksjonar (miljøfond) | 5,13,14 | 50 712 230 | 50 230 021 |
| Annan eigenkapital | 5 | 127 794 443 | 126 376 760 |
| Sum opptent eigenkapital | | 178 506 673 | 176 606 781 |
| **Sum eigenkapital** | | **178 679 703** | **176 779 811** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| Avsetning for forpliktingar | | | |
| Netto pensjonsskyldnad | 6 | 1 850 536 | 1 607 115 |
| **Sum Avsetning for forpliktingar** | | **1 850 536** | **1 607 115** |
| | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| Anna langsiktig skuld | 7,14 | 79 370 504 | 75 946 680 |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **81 221 040** | **77 553 795** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | 4 | 8 256 733 | 11 137 146 |
| Betalbar skatt | 12 | 0 | 0 |
| Skuldige offentlege avgifter | 8 | 2 254 874 | 1 104 460 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 1 945 465 | 1 981 465 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **12 457 072** | **14 223 071** |
| **Sum gjeld** | | **93 678 112** | **91 776 866** |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **272 357 813** | **268 556 676** |

# Balanse *(held fram)*

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

## Fitjar, 10. mars 2017

| | | | |
|---|---|---|---|
| Rune Sandvik<br>Styreleiar | Solveig Grønsdal<br>Nestleiar | Edvard J. Stangeland<br>Styremedlem | Elisabeth Sandven<br>Styremedlem |
| Hein Schaug<br>Styremedlem | Jorunn Skåden<br>Styremedlem | Jostein Grov<br>Varamedlem | Terje Gilje<br>Dagleg leiar |

# Kontantstraumanalyse

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

| | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| **KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR** | | |
| Innbetalingar frå salg av varer og tjenester | 83 390 207 | 80 463 959 |
| - Utbetalingar for varer og tenester for vidare sal og eige forbruk | -60 137 617 | -61 554 258 |
| - Utbetalingar til ansatte, pensjon og arb.g.avgift. | -18 072 243 | -15 495 003 |
| + Innbetaling av utbytte | 5 051 | 59 640 |
| + Innbetaling av renter | 1 255 795 | 2 039 206 |
| - Utbetaling av renter | -104 804 | -1 014 068 |
| **= Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar 1)** | **6 336 389** | **4 499 476** |
| | | |
| **KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR** | | |
| - Utbetaling ved kjøp av aksjar | -44 474 | -38 395 |
| + Innbetaling ved sal av aksjar | 0 | 0 |
| +/ Innbetaling/Utbetaling av kapital/lån frå/til dotterselskap | 0 | 0 |
| + Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar | 11 477 209 | |
| - Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar | -33 362 427 | -18 865 906 |
| **= Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | **-21 929 692** | **-18 865 906** |
| | | |
| **KONTANTSTRAUMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR** | | |
| +/- Innbetalingar/utbetalingar ved opptak/nedbetaling av langsiktig gjeld | -617 898 | -3 275 295 |
| +/- Innbetalingar/utbetalingar ved opptak/nedbetaling av kortsiktig gjeld | 0 | 0 |
| - Utbetaling av konsernbidrag | 0 | 0 |
| + Netto tilført eigenkapital ved konserndanning | | |
| **= Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | **-617 898** | **-3 275 295** |
| | | |
| = netto endring i kontanter og kontantekvivalentar | -16 211 201 | -17 641 725 |
| + Beh. Av kontanter og kontantekvivalentar ved perioden sin start | 122 250 053 | 139 891 778 |
| **= Beh. Av kontanter og kontantekvivalentar ved perioden sin slutt** | **106 038 852** | **122 250 053** |

# Kontantstraumanalyse *(Held fram)*

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

| Herav bundne midler | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| **1)Avstemming** | | |
| Resultat før skattekostnad | 1 899 890 | 1 864 233 |
| - Periodens betalte skatt | | -190 418 |
| + Ordinære avskrivingar | 5 863 985 | 5 652 936 |
| + Finansielle Nedskrivingar | | |
| +/- Tap/gevinst ved sal av anleggsmidler | 6 196 979 | |
| +/- Tap/gevinst ved sal av finansaktiva | | 324 043 |
| +/-Endring i varelager | -309 365 | 275 992 |
| +/-Endring i kundefordringar | -558 886 | -266 062 |
| +/-Endring i leverandørgjeld | -2 880 413 | 3 259 117 |
| +/-Endring i andre tidsavgrensingspostar | -3 875 801 | -6 420 365 |
| **= netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **6 336 389** | **4 499 476** |

# NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2016

## Note 1: Overordna rekneskapsprinsipp

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

Årsrekneskapen er sett opp etter rekneskapslova av 1998 og tilrådingar til god rekneskapsskikk.

**Inntekter og kostnader**
Inntekt blir som hovudregel ført når den er opptent, redusert med rabattar mv når varer eller tenester vert levert. Kostnader blir ført i same periode som tilhøyrande inntekt. Øvrige kostnader blir ført når dei oppstår.

**Eigneluter og omlaupsmidlar**
Eigneluter til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eigneluter er klassifiserte som omlaupsmidlar. Omlaupsmidlar vert vurderte til lågaste verdi av skaffekostnad og verkeleg verdi.

**Varige driftsmidlar og avskrivingsprinsipp**
Anleggsmidlar er førte opp med historisk skaffekostnad, tilgang i år, avgang i år og avskrivingar i år og frå tidlegare år. Anleggsmidlar vert førte til verkeleg verdi når fall i verdiane er venta å ikkje vera forbigåande. Varige driftsmidlar vert avskrivne over forventa levetid (lineær avskriving). Varige driftsmidlar som er skaffa ved finansiell leasing vert aktivert.

**Finansielle anleggsmidlar**
Aksjar i dotterselskap, andre aksjar og lån til dotterselskap er førte opp med skaffekostnad i selskapsrekneskapet.

**Kundekrav og andre kortsiktige krav**
Kortsiktige krav er førte opp i balansen til pålydande verdiar med frådrag for pårekna tap. Andre kortsiktige krav som forfell innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar.

**Varer**
Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg skaffekost og netto salsverdi. For råvarer og varer i arbeid reknar ein netto salsverdi til salsverdien av ferdig tilverka varer redusert for igjen varande tilverkningskostnadar og salskostnader.

**Kontantar og bankinnskot**
Kontantar og bank er førte opp til pålydande verdiar.

**Pensjonsskyldnad og periodens pensjonskostnad**
Pensjonsansvaret til selskapet i høve til den ordinære, tariffesta tenestepensjonsordninga er dekt gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gjev ei avgrensa yting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor, og stettar dei kriteria for det som vert kalla ytingsplanar. I samsvar med god rekneskapsskikk er berekna pensjonskostnad ført i resultat og netto pensjonsskyldnad ført som langsiktig gjeld.

Ordningane gjev rett til framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, løn ved pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. Den kollektive pensjonsavtalen er finansiert ved fondsoppbygging organisert i eit forsikringsselskap.

**Langsiktig gjeld**
Langsiktig gjeld vert ført til opptakskost ved låneopptak.

**Kortsiktig gjeld**
Kortsiktig gjeld vert ført til lågaste verdi av opptakskost og verkeleg verdi.

# Note 2 : Varige driftsmidlar og immaterielle eigneluter

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

| | Tomt/Bygningar | Maskiner og anlegg | Inventar og utstyr | Sum 2016 | Sum 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| Skaffekostnad 01.01 | 127 542 304 | 126 117 605 | 5 440 381 | 259 100 290 | 240 234 384 |
| Tilgang driftsmidlar | 29 706 970 | 3 561 947 | 93 510 | 33 362 427 | 18 865 906 |
| Avgang | -5 280 230 | | | -5 280 230 | - |
| Skaffekostnad 31.12 | 151 969 044 | 129 679 552 | 5 533 891 | 287 182 487 | 259 100 290 |
| | | | | | |
| Avskriving og nedskr. 01.01 | 6 939 144 | 110 372 864 | 4 171 867 | 121 483 876 | 115 830 940 |
| Årets avskr. 31.12 | 2 313 007 | 2 952 834 | 598 144 | 5 863 986 | 5 652 936 |
| Avgang | | - | | | |
| Akkumulerte nedskr. 31.12 | 9 252 151 | 113 325 698 | 4 770 011 | 127 347 860 | 121 483 876 |
| | | | | | |
| Bokført verdi 31.12 | 142 716 891 | 16 353 854 | 763 880 | 159 834 625 | 137 616 413 |
| | | | | | |
| % sats avskriving | 2 % | 5 - 20 % | 12,5 - 33 % | | |

# Note 2 *(held fram)*
# Investering og sal 2012 - 2016
### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Oversyn over investeringar dei siste 5 åra.

| | 2012 | | 2013 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Invest** | **Sal** | **Invest** | **Sal** | **Invest** | **Sal** | **Invest** | **Sal** | **Invest** | **Sal** |
| Bygg/tomt | 1 194 | | 3683 | | 481 | | | | | 5 280 |
| Renseanlegg | | | | | | | 1489 | | 4 155 | |
| Bømlo Miljøsentral | | | | | | | 14214 | | 25 449 | |
| Stord Miljøsentral | | | | | 53 | | | | 102 | |
| Omlastehall Heiane | | | | | 2148 | | | | | |
| Konteinarar | 1 017 | | | | 1003 | | 1176 | | 258 | |
| Avfallsbehaldarar | 904 | | | | 1730 | | 1076 | | 1050 | |
| Bilar | | | | | | | 397 | | | |
| Bilvekt | 44 | | | | | | | | 444 | |
| Maskinar | 493 | | 3112 | | 311 | | 40 | | 1 809 | |
| Inventar | | | | | 152 | | | | 32 | |
| Kontormaskinar | 121 | | 384 | | 142 | | 473 | | 63 | |
| **Totalt** | **3 773** | | **7179** | | **6020** | | **18865** | | **33 362** | **5 280** |

# Note 3: Andre aksjer

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

| | | | | Balanseført verdi |
|---|---|---|---|---|
| Finansielle anleggsmidlar: | Skaffekost | Antal aksjar | Eigarandel | 31.12.2016 |
| Slab AS | 100 000 | 100 | 6,73 % | 100 000 |
| Rekom AS | 517 805 | 200 | 4,26 % | 517 805 |
| Sum andre aksjar: | 617 805 | | | 617 805 |

**Eigenkapitalinnskot pensjonskasse**

Det er skote inn kr 44 474 i eigenkapitalinnskot i KLP. Dette er selskapet sin innbetalte eigenkapital til KLP og kan avvika frå faktisk andel av KLPs eigenkapital. Sum eigenkapitalinnskott i KLP er per 31.12.2016 kr 291 700.

# Note 4: Kundekrav, andre krav og leverandørar

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

| | Kundekrav | Kundekrav |
|---|---|---|
| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
| Kundekrav | 4 272 124 | 3 713 238 |
| Avsett for tap | -125 000 | -125 000 |
| **Sum** | **4 147 124** | **3 588 238** |

| | Leverandørgjeld | Leverandørgjeld |
|---|---|---|
| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
| Gjeld | 8 256 733 | 11 137 146 |
| **Sum** | **8 256 733** | **11 137 146** |

# Note 5 Innskoten og opptent eigenkapital

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

## Innskoten eigenkapital

Selskapet har ein interessekapital som medlemskommunane har betalt inn, etter folketalet per 1.1.89. Den fordeler seg slik:

| | |
|---|---|
| Austevoll kommune | 14 850 |
| Bømlo kommune | 32 092 |
| Fitjar kommune | 10 260 |
| Kvinnherad kommune | 43 000 |
| Stord kommune | 48 014 |
| Sveio kommune | 15 180 |
| Tysnes kommune | 9 634 |
| **Totalt** | **173 030** |

## Opptent eigenkapital

| | Selskapskapital | Annan eigenkapital | Eigenkapital med sjølpålagte restrikasjoner (Miljøfond) | Sum eigenkapital |
|---|---|---|---|---|
| Eigenkapital 1.1.2016 | 173 030 | 126 376 760 | 50 230 022 | 176 779 811 |
| Årsresultat | | 1 417 683 | 482 208 | 1 899 891 |
| Eigenkapital 31.12.2016 | 173 030 | 127 794 443 | 50 712 230 | 178 679 703 |

# Note 6 Løn og pensjonar m.m.

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

| **Lønskostnader mm.** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Løn | 13 264 596 | 12 017 193 |
| Arbeidsgjevaravgift | 2 010 275 | 1 773 473 |
| Pensjonskostnad | 1 849 582 | 1 972 169 |
| Andre ytingar | 557 752 | 792 863 |
| **Lønskostnader** | **17 682 205** | **16 555 699** |

### Gjennomsnittleg tal på tilsette i selskapet i 2016 er 22 personar.

| **Godtgjersle (i kroner)** | **Dagleg leiar** | **Styret** |
|---|---|---|
| Løn | 967 188 | 249 677 |
| Pensjon | 103 489 | |
| Anna godtgjersle | 28 132 | |
| **Sum lønn og godtgjersle** | **1 098 809** | **249 677** |

Dagleg leiar har pensjonsavtale som gir rett til 66 % av årslønn ved fråtreden. Avtalen er forsikra. Det føreligg ikkje avtale om plikt til å gje styret eller dagleg leiar særskilt godtgjersle ved opphør av vervet eller stillinga. Det føreligg ikkje bonusavtalar eller avtalar om overskotsdeling med dagleg leiar eller styret.

| **Revisjon** | **2 016** | **2015** |
|---|---|---|
| Honorar for revisjon og andre attestasjonar frå revisor | 51 031 | 46 895 |
| Honorar for andre tenester frå revisor | 64 770 | 92 216 |
| | 115 801 | 139 111 |

### Samansetjing av samla pensjonar og pensjonsskyldnad

SIM har plikt til å ha pensjonsordning for tilsette i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet har ei ytelsesbasert ordning i samsvar med lovens bestemmelsar.

Pensjonsordninga er ført etter NRS om pensjonar. Selskapet si pensjonsordning vert handsama som ein ytingsplan. Selskapet si pensjonsordning femnar om 28 personar. Ordninga gjev rett til framtidige ytingar. Ytingane er mellom anna avhengig av tal oppteningsår, løn ved oppnådd pensjonsalder og reguleringar frå folketrygda. Forpliktinga vert dekt av KLP.

# Note 6 Løn og pensjonar m.m. (*held fram*)

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

| **Pensjonskostnad belasta resultatrekneskapen** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Noverdi av årets pensjonsopptening | 1 670 899 | 1 527 850 |
| Rentekostnad av pensjonsplikta | 621 780 | 528 184 |
| Avkastning på pensjonsmidlar | 537 709 | 448 059 |
| Resultatført verknad av estimatavvik | 199 931 | 417 998 |
| Adm.kostnad | 91 689 | 88 673 |
| Arbeidsgjevaravgift | 260 379 | 239 227 |
| **Netto pensjonskostnad** | **2 306 969** | **2 353 873** |

| **Balanseført pensjonsplikt** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Brutto pensjonsforplikting | 24 356 360 | 21 511 538 |
| Pensjonsmidlar | 18 091 442 | 15 589 333 |
| Netto forplikting før AGA | 6 264 918 | 5 922 205 |
| AGA | 883 353 | 835 031 |
| Ikkje resultatført verknad av estimatavvik | -5 297 735 | -5 150 121 |
| **Netto pensjonsplikter** | **1 850 536** | **1 607 115** |

| **Følgjande økonomiske føresetnader er lagt til grunn:** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Diskonteringsrente | 2,60 % | 2,70 % |
| Venta lønsregulering | 2,50 % | 2,50 % |
| Venta G-regulering | 2,25 % | 2,25 % |
| Venta pensjonsregulering | 1,48 % | 1,48 % |
| **Venta avkastning på fondsmidlar** | **3,60 %** | **3,30 %** |

# Note 7 Gjeld, pantstillingar og garantiansvar

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

Skuld i samband med avslutning/etterdrift skal dekka kostnader til avslutning av deponi og etterdrift i 30 år.
Overskot på avdeling for kommunalt avfall og slamtømming skal reduserast i framtidige gebyr til abonnentane.

Beste estimat for kostnadar til avslutning/etterdrift synar eit samla beløp på kr 64 918 116. I henhald til god rekneskaps-skikk er estimatendringar ført som driftskostnad. Om det i framtida kjem ytterlegare endringar vil dette og måtte sjåast på som estimatendringar og resultatførast.

| | **Skuld til etterdrift** | **Skuld kommunalt avfall** | **Skuld slamtøming** | **Sum langsiktig skuld** |
|---|---|---|---|---|
| Anna langsiktig skuld 1.1.2016 | 65 635 006 | 7 552 098 | 2 759 574 | 75 946 679 |
| Sett av til etterdrift for 2016 | 560 881 | | | 560 881 |
| Bruk av etterdriftsfond | -1 907 867 | | | -1 907 867 |
| Tilbakebetaling abonnentar frå kommunalt fond | | | | - |
| Resultat kommunalt og slam | | 4 263 200 | -221 478 | 4 041 722 |
| Renter etterdrift, kommunalt og slam (0,96 %) | 630 096 | 72 500 | 26 492 | 729 088 |
| **Anna langsiktig skuld 31.12.2016** | **64 918 116** | **11 887 798** | **2 564 588** | **79 370 505** |

# Note 8 Bankinnskot for skuldig forskotstrekk

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

Av totale bankinnskot er kr 726 198 bunde til skuldig forskotstrekk.

# Note 9 Andre driftskostnader

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

| **Andre driftskostnader spesifisert** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Etterdriftskostnad | 1 190 978,20 | 1 454 010 |
| Leige,renovasjon,straum | 1 053 812,02 | 1 069 514 |
| Leige maskinar | 741 971,15 | 340 101 |
| Materiell | 608 853,68 | 683 226 |
| Vedlikehald bygg | 2 717 662,12 | 1 793 510 |
| Vedlikehald maskinar/Containere | 2 287 885,83 | 1 578 296 |
| Drivstoff maskinar | 424 886,44 | 447 880 |
| Rev,konsulent,ekstrahjelp | 2 656 665,56 | 3 663 038 |
| Kontorrekvisita,utstyr,trykksaker, abonnement | 984 942,54 | 1 020 637 |
| Endring forplikting | 4 041 722,00 | -1 441 185 |
| Telefon, breidband,porto, lysingar | 885 028,87 | 940 688 |
| EDB Lisensar | 940 712,55 | 542 555 |
| Reiser og bilgodtgjersle | 436 855,31 | 395 427 |
| Servering og representasjon | 128 068,28 | 149 194 |
| Medlemskontingentar | 272 023,73 | 281 441 |
| Forsikringar | 199 467,00 | 213 645 |
| Miljøovervaking,ref. løn miljøsentral | 440 441,79 | 530 489 |
| Avfallsreduserende tiltak, transport elever tilskot miljø | 383 189,54 | 797 756 |
| Diverse | 1 051 207,15 | 633 193 |
| | | |
| **Sum** | **21 446 374** | **15 093 415** |

# Note 10 Varelager

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

Varelageret er vurdert til lågaste av tilverknadskost/skaffekost og verkeleg verdi.
Varelageret er ikkje skrive ned for ukurans.

# Note 11 Salgsinntekter spesifisert etter verksemdsområde og geografisk marked

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

Selskapet sitt sal av tenester skjer i hovedsak på Vestlandet. Salsinntekter fordelar seg på følgjande verksemdsområde:

| | |
|---|---|
| Kommunalt hushaldsavfall/slamavskiljarar | 68 153 284 |
| Næringsavfall utenom hushaldningsavfall | 12 978 814 |
| Sal av eigedom | 6 196 979 |
| **Sum Inntekter** | **87 329 077** |

# Note 12 Skattenote

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

Utsatt skattefordel knytta til handsamingskostnader i deponiet er ikkje balanseført då det er usikkerheit knytta til om det kan nyttast i framtida.

| | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Underskot skattemessig | -225 465 | -654 635 |
| Framførbart underskot til framføring fri tidlegare år | -654 635 | 0 |
| **Sum Framførbart skattemessig overskot** | **-880 100** | **-654 635** |
| **Utsatt skattefordel** | **-211 224** | **-163 659** |

# Note 13 Miljøfond

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

| **Miljøfond i nominelle kroner** | |
|---|---|
| Miljøfond pr 1.1.2016 | 50 230 021 |
| Tilført avkasting 2016 (0,96 % Rente) | 482 208 |
| Miljøfond pr 31.12.2016 | 50 712 229 |

| **Realverdi Miljøfond** | |
|---|---|
| Nettoverdi tilført fond pr 1.1.2016 | 50 625 534 |
| Prisstigning i 2016 2,8% (Byggekostnadsindeks) | 1 417 515 |
| Estimert realverdi pr 31.12.2016 | 52 043 049 |

| | |
|---|---|
| Nominell verdi i forhold til realverdi pr 31.12.2016 | -1 330 820 |
| Nytta til miljøtiltak av realavkasting | - |
| Midler som kan nyttast til miljøtiltak i 2017 | -1 330 820 |
| (Negativt beløp kan ikkje nyttast) | |

# Note 14 Likvide midlar (i 1000 NOK)

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

| | |
|---|---|
| **Likvide midlar utan restriksjonar pr 31.12.2016** | **105 312** |

| | |
|---|---|
| **Framtidige forpliktingar** | |
| Miljøfond | 50 712 |
| Etterdrift deponi | 64 918 |
| Kommunalt slam | 2 564 |
| Kommunal renovasjon | **11 887** |
| **Sum** | **130 081** |

| | |
|---|---|
| Differanse framtidige forpliktingar - likvide midlar | 24 769 |
| Estimert behov arbeidskapital | 15 000 |
| **Samla finansieringsbehov ved realisasjon i dag** | **39 769** |

# Revisorrapport

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

RSM Norge AS
Sæ 132, 5417 Stord
Org.nr: 982 316 588 MVA
T +47 53 40 01 00
F +47 55 55 77 70
www.rsmnorge.no

Til representantskapet i
**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

**Uavhengig melding frå revisor**

**Uttale om revisjonen av årsrekneskapen**

*Konklusjon*

Vi har revidert Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS sitt årsrekneskap som viser eit overskot på kr 1 899 890. Årsregnskapet er samansett av balanse per 31. desember, resultatrekneskap, pliktige budsjettopplysingar og kontantstraumsoppstilling for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, samt eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagte årsrekneskapen gjeve i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, inkludert dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter i samsvar med disse standardane står skreve i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er pålagt i lov og forskrift, og har utøvd våre andre etiske forpliktingar i samsvar med disse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Anna informasjon*

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon gjeld årsmelding, men gjeld ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje anna informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lesa anna informasjon med det føremål å vurdera om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den anna informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportera i samband med det.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at det gjev eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova, god rekneskapsskikk i Noreg, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskap og forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn er naudsynt for å kunna utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleghald eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til framleis drift og opplysa om tilhøve som har innverknad for framleis drift. Føresetnaden om framleis drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verta avvikla.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen som total ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Rimeleg grad av tryggleik er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, samt ISA-ane, alltid vil avdekka vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelig grad kan forventa å påverka økonomiske avgjerder som brukarane føretek basert på årsrekneskapen.

# Revisorrapport (*held fram*)

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Som del revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, samt ISA-ane, utviser vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- skal vi identifisera og vurdera risikoen for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller utilsikta feil. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtera slike risiko, og innhentar revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som fylgje av mislig framferd ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sida misleg framferd kan vera samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar eller overstyring av intern kontroll.

- skal vi opparbeida oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforma revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet si interne kontroll.

- skal vi evaluera om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er hensiktsmessige og om dei rekneskapsestimat som er nytta og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege.

- skal vi konkludera på hensiktsmessigheten av leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden ved utarbeidinga av rekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om selskapet si emne til framleis drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, vert det kravd at vi i revisjonsmeldinga gjev merksam på tilleggsopplysningane i rekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsmeldinga. Våre konklusjonar er basert på dei revisjonsbevis som er innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfylgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føra til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- skal vi evaluera vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen utgjer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilete.

Vi har kontakt med leiinga blant anna om planlagt omfang av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om vesentlege tilhøve som vi har avdekka under revisjonen, samt om eventuelle vesentlege avvik i den interne kontrollen.

**Uttale om andre lovmessige krav**

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meier vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapet, føresetnaden om framleis drift og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og dei kontrollhandlinga vi har funne naudsynt i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syrgja for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Stord, 10 Mars 2017
RSM Norge AS

Ragnar Pettersen
Statsautorisert revisor